


# Fiskets Gang

15. DES.  
1977

25

UTGITT AV  
FISKERI-  
DIREKTØREN,  
BERGEN



# Fiskets Gang

Utgitt av Fiskeridirektøren

NR. 25 - 15. DESEMBER 1977

63. ÅRGANG

Utgis hver 14. dag

Side:

INNHOOLD:

- 702 Fiske i andre lands soner — også inn i 1978 med uløste spørsmål?  
(Fishing in other countries' zones — still problems in 1978?)
- 703 Deler av britisk fiskerinæring i store vansker.  
(Parts of the british fishing industry in difficulties).
- 706 Omorganisering av britisk flåte.  
(Reorganization of the british fishing fleet).
- 708 Kraftig forskningsinnsats på kalmule.  
(Intensive research on blue-whiting).
- 714 Stemning og miljø på fiskemarknaden . . . . .
- 721 Oljevirksomhetens forsopling av Nordsjøen og skader påført norske fiskerier.  
(The oil industry's scrapping of the North Sea/damages to norwegian fisheries.)
- 728 Irland — en fiskerinasjon i vekst.  
(Ireland — a growing fishery nation).
- 730 Utførselen av fisk- og fiskeprod. jan.—sept.-77.

## FISKE I ANDRE LANDS SONER - OGSÅ INN I 1978 MED ULØSTE SPØRSMÅL?

1977 er et overgangsår når det gjelder fisket i det nordlige Atlanterhav. Utenom Island som var tidlig ute, har alle fiskerinasjoner i dette området i løpet av 1977 opprettet økonomiske soner (eller utvidet sin fiskerijurisdiksjon til 200 n.mil).

Det er forståelig at det i hele 1977 har vært mange uløste spørsmål både når det gjelder norsk fiske i andre lands soner og andre lands fiske i norsk sone. Ett år burde imidlertid være nok til å få forholdene avklart. I hovedsak er de også det. Unntaket er forholdet til EF. Her gjenstår det fortsatt mye.

Utkast til en rammeavtale mellom Norge og EF har vært klar til undertegning siden i vår. Enda er den ikke undertegnet. Det er imidlertid ikke den manglende rammeavtale som har forsinket kvoteforhandlingene mellom Norge og EF. Årsaken er uenighet i EF om EF's interne fiskeripolitikk. For 1977 kom Norge og EF ingen vei. Ved årsskiftet ble det derfor laget en kortsiktig «stillstandsavtale» som etter hvert er blitt forlenget ut dette året.

For Norge har dette vært en lite heldig ordning. Det norske fisket i EF-sonen har gått betydelig ned mens EF's fiske i norsk sone i Nordsjøen er betydelig øket (spesielt på grunn av det danske tobis-fisket). Dette har forsterket ubalansen i det gjensidige fisket i stedet for å redusere den slik som siktemålet er i utkastet til rammeavtale.

Norge er av disse grunner lite innstilt på en ytterligere forlengelse av den nåværende ordning. Med sikte på å få avtalt kvoter for 1978 har Norge og EF hatt 2 forhandlingsrunder i november, og en ny forhandlingsrunde gjennomføres denne uken.

Partene er for enkelte bestander, og spesielt de fleste felles-bestandene i Nordsjøen, kommet så nær hverandre at det ikke synes umulig å komme til enighet om kvotene for 1978. Den mer «varige» deling av disse ressursene må likevel ligge inntil mer biologisk materiale foreligger.

Hovedproblemet er nå om EF er villig til å gi Norge så mye på EF's «eksklusive» bestander ved Grønland og vest for De britiske øyer at Norge ser at det i 1978 går i retning av det endelige mål, en balanse i det gjensidige fisket. Her er det EF som nå har utspillet. De tilbud som hittil foreligger gir i alle fall ikke grunnlag for et gjensidig fiske på høyt nivå. Det er derfor et stort spørsmål om man på et nytt 2-dagers møte kan bli enige om de mange og uløste spørsmål. Om det da blir tid til et nytt møte før årsskiftet, er vel usikkert. Norske fiskere må således være forberedt på at også dette året kan gå uten at deres fiskerettigheter i EF-sonen er avklart.

Av den grunn er det spesielt bra at forholdene til de to andre landene som vi har gjensidige fiskerettigheter med, USSR og Færøyanene er avklart.

Med USSR gjenstår det i denne omgang hovedsakelig å avtale fisket i norsk sone i Nordsjøen. Etter vinterloddefisket skal norske og russiske forskere møtes for å drøfte behovet for regulering av loddefisket. Det er nok all grunn til å regne med at det før sommerloddefisket må føres forhandlinger om regulering av både det norske og det russiske loddefisket.

Avtalen med Færøyanene avklarer de gjensidige fiskerettigheter for 1978. Den gir faktisk et høyere nivå i fisket i de to parters soner enn i år.

K. V.

## Delar av britisk fiskerinæring i store vanskar

Etter at Storbritannia kom med i EF har landet si fiskerinæring kome i til dels store vanskar. Dette er inntrykket som sit igjen etter ei veker reportasjereise i England og Skottland. «Fiskets Gang» har vitja ein del av dei tradisjonelt viktigaste fiskehamnane langs austkysten. Og folk klagar over alt. Klagekor er vi ikkje uvande med her til lands heller, sjølv om situasjonen ikkje alltid tilseier den store pessimismen. Men når delar av britisk fiskerinæring er redd for framtida, kan dei dokumentere dette godt.

Det skal likevel være sagt at variasjonane er store også i britisk fiskerinæring. Einskilde grupper gjer det endatil svært godt. Kystfiske og snurrevadfiske på Skottland-kysten har ikkje minst gitt gode resultat. Eit unntak er det nok, men ein 40 fots båt frå Aberdeen har til dømes fiska for 1,1 mill. kroner i dei første to månadene i år. Fordelt på 4—5 mann skulle det bli bra fortjeneste.

Fleire og fleire har nå tatt til med partråling. Resultata er oppløftande. Gode fangstar bl.a. av brisling har ført til langt større inntekter enn da båtane dreiv kvar for seg. Det er først når vi kjem til trålarane som er avhengige av fiske på fjernare farvatn at problema blir store. Problema vert ekstra store avdi denne fartøygruppa tradisjonelt har spela ein viktig rolle i næringa. Dessutan er denne fartøygruppa konsentrert om bestemte distrikt. Svikt i råstoff-tilgangen frå trålarane kan derfor få store konsekvensar for sysselsettinga også på land. Slike konsekvensar kan vi alt sjå.

Arbeidsløysa i store trålhamner som Grimsby og Hull er stor, til dels godt over gjennomsnittet for arbeidsløysa i Storbritannia, og det seier ikkje så lite. I andre delar av landet er arbeidsløysa ikkje like stor, melom anna på grunn av god tilgang på alternative arbeidsplassar, til dømes i oljeindustrien.

### Gradvis nedgang

Stagnasjon og nedgang i fangstkvantum har ikkje kome brått og uventa. Over ein lang periode har kvantumet i einskilde hamner blitt mindre og mindre. Ein industrileiar seier det slik: Vi har i grunnen ikkje lagt merke til kor alvorleg utviklinga har vore. Nå kan det vere for seint.

### Prisane bergar mange

Prisane på fisk og fiskeprodukt har gått kraftig opp. Dette har betydd berginga for mange. Den same industrileiareren er også godt nøgd med salet av produkta. EF-medlemskapen har medverka til høgare prisar, seier han, og eksporten til EF er større enn nokon gong. Dette viser kor tve-egga EF-



«Fiskets Gang» prøver i dette nummeret å gi eit inntrykk av britisk fiskerinæring nett nå. Vi har besøkt Grimsby, Hull, North Shields, Aberdeen og Edinburgh.



Kva framtid har denne moderne og flotte trålareren fotografert av «Fiskets Gang» ved kai i Grimsby? «Ross Implacable» høyrer heime i Hull.

medlemskapen er for britane. Eller som redaktør Davis i «Trawling Times» seier det: «Som fiskar burde ein stemme nei, men som brite kanskje ja».

### Oljeprisar og torskemkrig

Årsakene til vanskanene for dei store trålarane er mange. Men når problema har blitt særleg store dei siste åra, er det to ting som peikar seg ut. Den eine er den kraftige auken i oljeprisane, og den andre er torskemkrigen med Island.

Grimsby og Hull var i stor grad avhengige av råstoff frå felta ved Island. Ein industrimann vi snakka med sa det så sterkt at torskemkri-

gen var ein ny spikar i kista for desse to byane som fiskeribyar. Ikkje berre vart torskemkrigen tapt, men det førte også til at islandske båtar vert nekta å levere sine fangstar i England. Dette får industrien svi for også i dag. Framleis leverer islandske fartøy fangs-

tar på kontinentet i staden for i Storbritannia, men nå er forhandlingar i gang. Britane ser at dei ikkje kan true islendingane til å gje seg kvotar i islandsk sone. Truleg er det berre eit spørsmål om tid før islandske båtar igjen er å finne i Grimsby og Hull.



To unge fiskarar slappar av på kaia i Grimsby, men temmeleg ufrivillig. Ian Smith og Ian Potterton arbeider på ein trålar som fiskar i norsk sone og på eit fartøy som driv partråling i Nordsjøen.



Dette er hamna i Grimsby. Ei lang rekke med båtar i opplag. Ille, når industrien gjerne skulle ha meir råstoff.

### «Idiotisk torskekrig»

Torskekrigen var idiotisk, seier vår før omtalte industrimann. Ein gang var det nesten eit islandsk samfunn i Grimsby. Islendingane handla, reparerte fartøy, kjøpte reidskap og utstyr i Grimsby. Ei spesiell gate vart til og med kalla «The golden mile» — «Gullgata» — det var der islendingane handla. I dag er denne gata så trist som noko engelsk gate kan bli. La oss nok ein gong sitere industrimannen: «Den delen av industrien som var i stand til å tenke, gikk aldri inn for torskekrigen med Island».

La oss illustrere situasjonen med tal. For 20 år sidan kunne fiskemarknaden i Grimsby ta imot

14 000 kits fisk i gjennomsnitt pr. dag, for 10 år sidan 10 000 kits, i dag ligg kvantumet på 2 500 kits. Det er i det heile tvilsamt om hamna lenger er i stand til å ta mot meir enn 8—9 000 kits på ein dag. (1 kit = 63,5 kg).

### Vanskeleg for Fraserburgh

Men også andre hamner er i vanskar. Ikkje minst dei som er spesialisert på sild. Eit godt eksempel på dette er Fraserburgh i Skottland. Her er 30 prosent av folket sysselsett i fiske- eller fiskeindustri, eller rettare sagt, dei var sysselsett. I dag er arbeidsløysa stor på grunn av sildestoppen.

### Mannskap til 12 trålarar på dagen

Arbeidsløysa kan godt illustrerast ved følgjande: I Grimsby kan det på dagen skaffast mannskap til 12 trålarar.

Nå set britane sin lit til opprettinga av ei 50 mils eksklusiv sone. Det skal vere vanskeleg å finne eit spørsmål der heile fiskerinæringa står så samla som i dette. Alle interesser og landsdelar krev 50 mils sone. Men er den britiske fiskerinæringa sterk nok til å få styresmaktene med seg mot EF?

## HULL

Tom Nielsen, Hull:

## EF får meine kva dei vil; vi vil ha 50-mils sone

Tom Nielsen, sekretær i Trawler Officers Guild i Hull, snakkar eit språk som alle forstår. Han er sjølv tidlegare fiskar, har vore skippar på trålfiske i Barentshavet. Nå er han gått i land og brukar tida til å arbeide for trålarinteressene i den lokale trålarforeininga i Hull. Rett som det er kjem arbeidslause fiskarar inn på kontoret hans like ved fiskemarknaden i Hull. Der er det innreidd eit velferdsrom der karane for



Sekretæren i trålforeininga i Hull, Tom Nielsen, skulle gjerne sjå at Storbritannia oppretta to-sidige avtalar med andre land, for eksempel Norge.

tida diskuterer den nesten håplause situasjonen for trålarane i Hull. Over ein «point» konstaterer dei at britiske trålarar går ei uviss framtid i møte.

Tom Nielsen er ottefull. Kva kan berge situasjonen? Nielsen veit ikkje sikkert kva han skal svare, men eitt veit han:

— Det får våge seg om EF protesterer. Ei 50 mils eksklusiv sone rundt Storbritannia må vi ha. Skulle trålarane våre også i framtida bli utestengde frå tradisjonelle fiskefelt, vil vi britar ha meir bruk for ei slik sone enn nokon gong.

— Vil de ha all fisken i sona åleine?

— Nei, nei. Men vi vil ha kontrollen over sona — først da kan vi få slutt på rovfisket. Mange andre land gir blanke i om dei overfiskar kvotane sine. I Nordsjøen er det få land som kjenner ansvaret for framtida til fiske-ressursane. I år har det britiske oppsynet tatt nærare 30 båtar frå kontinentet som har fiska ulovleg med for små maskevidder. Dei drep ungfisken — «they are killing the stocks».

Tom Nielsen trur ikkje at Nordsjøen kan bli eit godt alternativ for dei største trålarane. Dei er ikkje bygde for og vil vanskeleg løne seg i konsumfiske i Nordsjøen, meiner han. Derfor må det satsast på båt-typar som eignar seg til dette fisket, flåten må omorganisast til fordel for ei utbygging av Nordsjø-flåten.

### Fred nordsjøsilda

— Nordsjøsilda må totalfredast så lenge at bestanden igjen tar seg opp — sjølv danskane må finne seg i å svelge den pillen, seier Tom Nielsen. Også makrell-

fisket må få strenge reguleringar for å berge bestanden.

Det er ikkje utan baktanke Tom Nielsen hevdar dette. Nordsjøsild og makrell er verdfulle bytemiddel for å få fiske i andre land sine soner. Nielsen seier det slik:

— Sjølv sagt vil vi la andre få fiske i vår femtimils-sona. Vi vil gjerne ha to-sidige avtaler med andre land, Norge for eksempel. Vi har alltid hatt eit godt forhold til nordmennene, og vi skulle nok bli einige dersom vi får fiske i norsk sone. Russarane må gjerne få fiske i vår sone også, men prisen er at vi får fiske torsk hos russarane.

— Men det ser smått ut med semje om EF sin fiskeripolitikk, og då kan det bli vanskeleg å få avtaler med andre land. Kva så?

— Da får vi verkeleg gå inn for å utvikle kolmulefisket.

— Med den omorganisering av flåten som dette må føre til?

— Ja, til det kan vi i alle fall få økonomisk støtte.

Tom Nielsen er ikkje villig til å gi opp. Framleis har han tru på ei framtid for britisk fiske. Etter kvart har fleire trål-skipparar sett seg ned ved bordet saman med Tom Nielsen. Nielsen snur seg mot ein av dei og spør om han kan ta med seg kona og reise til London på ein demonstrasjon til støtte for britane sitt syn på EF sin fiskeripolitikk. Sjølv sagt, seier vedkomande, når skal vi reise? Han som svarte var den einaste overlevande av eit mannskap på 57 som forliste med tre trålarar i islandske farvatn for nokre år sidan. Heller ikkje han har gitt opp.

## EDINBURGH

# Omorganisering av britisk fiskeflåte med sikte på auka fiske i eigne farvatn

Ein stor del av trålarflåten er forelda og ulønsam

— I dei 11 første månadane i år har den britiske havgåande trålarflåten tatt mindre enn halvparten av fangstkvantumet i same tidsrom i fjor, og den 12. månaden blir resultatet etter alt å døme enda verre. Utsiktene for denne delen av flåten er heller ikkje dei beste for 1977.

Det er sjefsøkonom Neil B. McKellar ved Fiskeriøkonomisk avdeling ved White Fish Authority (WFA) i Edinburg som seier dette

til «Fiskets Gang». WFA kan vi litt forenkla samanlikne med Fiskeridirektoratet i Norge. McKellar er leiар for den økonomiske avdelinga, Economic Research Unit, i WFA.

McKellar ser ikkje berre lyst på komande år i det heile. Han peikar på dei tydelege prov ein har fått for at fleire fiske-bestandar i Nordsjøen er overfiska, og på det faktum at EF framleis ikkje ser ut til å bli samde om ein felles fis-

keripolitikk. Det er britane som i første rekke får svi for at det ikkje er kome istand tilfredsstillande kvoteavtalar EF-landa segimellom.

### Kystflåten gjer det bra

Det er ikkje like ille for alle delar av flåten. Særleg den skotske kystflåten har gjort det økonomisk godt dei to siste åra. Men også denne delen av flåten er avhengig av skikkelege ordningar i framtida.



Den skotske kystfiskeflåten har gjort det tildels svært godt dei siste to åra. Disse fartøya er fotografert av «Fiskets Gang» på hamna i Aberdeen. Kystflåten ser ut til å bli Storbritannias fremste råstoff-leverandør.

Her står 50 mils spørsmålet meir sentralt enn noko anna. Neil Mc Kellar forklarar:

— I 1976 tok Storbritannia halvparten av det totale fangstkvantumet innafor eit område på 50 mil frå sin eigen kyst. Men ei utgreiing som vi har gjort viser at vi sjølv kan ta monaleg mykje meir av fisken innafor 50 mil, dersom andre land sitt fiske blir redusert.

McKellar viser til tala for andre land sine fangstar mellom 12 og 50 mil i 1975:

— Dette året tok andre EF-land 218 000 tonn botnfisk, 192 000 tonn pelagisk fisk og 80 000 tonn industrifisk i området mellom 12 og 50 mil frå vår kyst. Land utanom EF tok tilsvarende 156 000 botnfisk, 764 000 tonn pelagisk fisk og 36 000 tonn industrifisk. Seinare har kvantumet av pelagisk fisk gått nokså sterkt ned på grunn av forbod mot nordsjøildfiske.

— Men de kan vel ikkje stenge alle andre nasjonar ute sjølv med ei eksklusiv 50 mils sone, og heller ikkje makte å ta opp så store tilleggskvantum som dette vil bli?

— Nei, det kan vi ikkje, i alle høve ikkje på kort sikt. Og her er det nok ein del misforståingar ute og går blant våre egne fiskarar. Enkelte trur at ei eksklusiv 50 mils sone betyr at vi skal ta

all fisken i sone aleine. Dette er langt meir eit *ønskje* enn ein realistisk tanke. Poenget med ein 50 mils sone er at vi sjølv vil føre kontrollen med fisket i sone. Det er likevel klårt at einstilte land ville få sitt fiske kraftig redusert, ikkje minst ville dette få konsekvensar for land som Belgia og Frankrike som i dag driv eit utstrakt fiske innafor 50 mil av Storbritannia.

#### Store variasjonar i lønsemd

Avdelinga i Edinburgh gjennomfører frå tid til annan granskingar av lønsemda til dei ulike delane av fiskeflåten. Resultata blir likevel ikkje gjort offentleg på same måte som i Norge. Sjølv om det ennå er for tidleg å danne seg eit bilete av situasjonen for dette året, spurde vi Neil McKellar kva grupper som har gjort det best i år.

— Dei beste resultata er utan tvil oppnådd av ringnotflåten, trass i stoppen i nordsjøildfisket. Ei medverkande årsak til dette er nok at ei rekke av våre beste skipparar står om bord på ringnotbåtar som i år har gjort det godt på makrell og brisling. Som ein god nummer to i lønsemd kjem truleg snurparar og trålarar i 70—80 fots klassen som har fiska botnfisk, særleg hyse, i Nordsjøen.

Dei kvotane det er gjort framlegg om, gjer likevel at utsiktene for desse to gruppene ikkje er dei aller beste for komande år. Reduksjon i maskevidda vil ganske sikkert føre til reduserte fangstar, blant anna av kvitting. Denne reduksjonen er fiskarane mildt sagt lite begeistra for akkurat nå. Dei meiner at andre land som ikkje tek særlege omsyn til ressursane, nå vil få enda større fordelar samanlikna med britane. Det er først og fremst danskane dei har i tankane.

#### Verst for trålarane

Den gruppa som desidert har hatt dårlegast lønsemd i år, er dei store trålarane som mellom anna har fiska i Barentshavet, seier Mc Kellar. Ei anna gruppe som naturleg nok har hatt det vanskeleg er ein del båtar som har vore så spesialiserte i nordsjøildfisket at dei ikkje har kunna gå over i anna lønsamt fiske.

#### Flåten må omorganiseras

Det synest uunngåeleg at den britiske fiskeflåten må omorganiseras i åra som kjem. Talet på store trålarar synest altfor stort til å gje lønsemd, så små kvotar som dei må rekne med framover. Ei eventuell 50 mils sone vil skunde på utviklinga av kystflåten. Berre



Britane kan sjølve fiske langt meir av ressursane innafør ei eksklusiv 50 mils sone dersom andre land får redusert sitt fiske. Dette går fram av ei utgreiing som er laga ved Fiskeriøkonomisk avdeling ved White Fish Authority i Edinburgh. Til venstre ser vi leiaren for avdelinga, sjefsøkonom Neil B. McKellar, og til h. assistenten hans, statistikaren Bob R. Mounce.

eit fåtal av trålarane kan rekne med å drive lønsamt konsumfiske i Nordsjøen. Frysetrålaren er den trålargruppa som i så måte best kan omstille seg, t.d. til å fiske makrell til konsum. Storbritannia har i dag om lag 40 frysetrålalar.

#### Stønad til omorganisering

Ein stor del av den britiske flåten er gammal og ulønsam. Ei rad fartøy som i dag er i drift burde

ha vore skifta ut for lengst. Men etter EF-medlemskapen har eigarane sett seg på gjerdet og ventar på utspel frå EF. Nå har som kjent EF lagt fram forslag om ulike verkemiddel til å omorganisere EF-landa sin flåte. Neil McKellar nemner dei viktigaste forslaga slik som kondemneringstilskot, tilskot til fartøy som må ligge i opplag, stønad til fartøy som vil fiske etter hittil lite utnyttede fiskeressursar, og førtidspensjonering av fiskarar.

#### Gamle trålarar

Desse tiltaka vil nok britane vite å dra nytte av. Det er særleg delar av «deep sea»-trålarane som er svært gamle. Eit oversyn som WFA har laga viser at ved utgangen av 1976 var 154 av dei 344 trålarane i denne gruppa mellom 16—20 år gamle. I Aberdeen og Grimsby er godt over halvparten i denne trålargruppa mellom 16—20 år. I prosent ser fordelinga slik ut, totalt for heile landet:

5 år og under	16,6 %
6—10 år	9,3 %
11—15 år	20,3 %
16—20 år	44,8 %
21—25 år	6,1 %
26 år og over	2,9 %

#### Stor nybygging i 80—95 fots klassen

Dei seinare åra har ein prioritert bygginga av fartøy i storleiken 80—95 fot. Dette er i røynda kystfartøy, men dei driv fiske langt over i norsk sone. Kystflåten både over og under 80 fot er i høg grad konsentrert i Skottland. Denne flåten er ny og moderne og har gjort det godt dei siste åra. Den engelske kystflåten er langt eldre, spesielt i den aller sørlegaste delen av landet. Sjølv gir britane etter måten store tilskot og lån på rimelege vilkår til nybygging og ombygging av fiskefartøy.

## ABERDEEN

# Kraftig forsknings-innsats på kolmule. Tokt i Nordsjøen kvar måned i vinter

Britane legg stor vekt på å utvikle fisket etter kolmule og å utvikle produksjonen av kolmule på land. Dette blir gjort hovudsakleg som eit samarbeid mellom forskings-stasjonen Torry Research Station og avdelinga for industriell utvikling i White Fish Authority i Hull i samråd med fagdepartementet i London. Også andre organisasjonar er med i arbeidet.

«Fiskets Gang» har vitja Torry Research Station i Aberdeen. Der kunne informasjonssjef J. J. Water-

man stadfeste at ein framleis er sterkt opptatt av å utnytte kolmule-ressursane.

— Frå oktober og utover vinteren skal vi ha kolmuletokt i Nordsjøen kvar einaste måned. Vi har fleire føremål med dette. Vi er mellom anna svært interesserte i å finne sesongvariasjonane innan kolmulebestanden, derfor vil vi skaffe oss råstoff frå ulike tider på året. Sjølv sagt er ein også interessert i å finne ut kvar bestanden held seg til ei kvar tid, seier

informasjonssjef Waterman til «Fiskets Gang».

Britane legg vekt på å utvikle eit kolmulefiske innafør ei 200 mils sone. Førebels ser det ut til å vere muligheter for eit kommersielt kolmulefiske i dette området berre i månadene frå februar til juni.

Det er forskningsfartøyet «G. A. Reay», ein ombygd trålar, som i oktober og november har vore på tokt. I oktober var toktet nærast resultatlaust, fortel Waterman, det var omtrent ingen kolmule å finne.



Toktet i månedsskiftet november/ desember hadde ved utgangen av november gitt få resultat. Det er verd å merke seg at britane er særst interesserte i å nytte kolmule til konsum, eit omfattande fiske til oppmalning kjem ikkje på tale.

#### Framleis stor innsats

Å nytte ein så liten og etter måten vanskeleg fisk som kolmule til konsum byr på ei rad problem. Nokre av dei er delvis løyste, men enno trengst det stor innsats på forskings-sida, og den kostnaden er britane tydeleg nok interessert i å ta. Med dei framtidsutsikter som britisk fiske i dag har, er det heller ikkje merkeleg at det blir satsa sterkt på denne lite utnyttta fiske-ressursen.

#### Utvikling av filetmaskin

Det største problemet ser ut til å vere fileteringa av kolmula. Det er vanskeleg å finne fram til ein maskintype som godt nok kan filetere denne små fisken som i tillegg bokstaveleg tala er lite fast i fisken. Men industriavdelinga i White Fish Authority og Torry Research Station meiner at dette problemet kan løysast ganske snart. Det er gjort god framgang i arbeidet med å produsere ein eigna maskin, spesielt er Baader komen langt.

#### Prøver på Hebridane

I fjor gjorde britane prøver i Stornoway på Hebridane med ein Arenco og ein Baader filetmaskin. Prøvene med Arenco-maskinen, ein modifisert filetmaskin for sild, gjekk ikkje særleg bra. Derimot vart det oppnådd lovande resultat med ein Baader 121-maskin. Det vart likevel ikkje oppnådd gode nok resultat med tanke på skinna kolmule-filetar i blokker som igjen kan nyttast til å produsere grilllettar eller såkalla «fish-fingers».

Etter dette har både Arenco og Baader arbeidd med å forbetre filetmaskinane, og i vår vart det gjort nye prøver igjen på Rolf Olsen sin fabrikk i Stornoway. Av forskjellige årsaker kunne maski-



Her leverer «Shemara» containerført kolmule nedkjølt i sjøvann til en fabrikk i Stornoway. (Foto: WFA).

nen nyttast berre i to månader, deretter vart den montert om bord på det tyske forskingsfartøyet «Walter Hervig» for særskilde prøver i tysk regi.

#### Betre, men ikkje godt nok

Sjølv om maskinen i vår synte seg å vere betre enn i fjor, var den likevel ikkje god nok. Dei blokkene og filetene som den produserte var forsåvidt gode nok, men ein stor del av råstoffet vart «avvist» av maskinen, og utbyttet vart derfor berre 22—24 prosent av den filetmengda ein hadde til rådvelde. Til saman produserte maskinen om lag 3 tonn ulike filetar og ein del farseprøver.

#### Ny ombygging

Baader-maskinen produserte etter måten fine skinna filetar, men det var heilt klart at ein for stor del av fisken ikkje gjekk gjennom maskinen. Seinare prøver om bord på «Walter Hervig» viste at også skinne-delen på maskinen svikta. Dette førte til at Baader har bygd maskinen fullstendig om, og den nye maskinen skal prøvast i Storbritannia komande vinter. Den fullstendige ombygginga av maskinen

har gjort at det førebels ikkje er produsert filetmaskinar for kolmule på kommersiell basis, men dette er neppe langt unna.


#### Produksjon om bord

Som vi også kjenner til frå norske forhold, er det vanskeleg å føre fersk kolmule frå feltet til fabrikkar i land i så god tilstand at den kan utnyttast til konsum. Dårlege vertilhøve og lange transportavstandar fører til dårlegare kvalitet. Også britane vedgår at det kan vere vanskeleg å drive ein filetfabrikk i land basert på fersk kolmule. Derfor tar ein sikte på å utføre dei neste prøvene om bord på eit fartøy i aktivt fiske.

#### Forsøksfiske med fleire båtar

Sist vår vart i alt fem båtar leigde for å drive forsøksfiske etter kolmule på ulike felt. Båtane varierte i storleik frå 89 til 153 fot. To av dei dreiv partråling. I tillegg vart det levert frossen kolmule frå frysetrålaren «Orsino».

I slutten av mars var det svært vanskeleg å få kolmule, men i førstninga av april vart det tatt gode



Forsøksbåten «Pathfinder» har gjort eit storkast, og posen inneheld 50 tonn kolmule. (Foto: WFA).

fangstar på Porcupine-banken. Men deretter trakk kolmula nordover til eit område vest av Barra og St. Kilda. I dette området tok dei tre forsøksbåtane «Crystal Palace», «Pathfinder» og «Orsino» gode fangstar. Det same gjorde andre britiske og utanlandske fartøy. Det gode fisket heldt fram til førstinga av mai, då fisken igjen trakk nordover til eit område på sørvestkanten av den færøyske sokkelen og på austkanten av Færøybanken.

#### Større fisk enn i 1976

Den gyteferdige fisken som vart tatt i mars vest av Hebridane var langt feitare og i betre tilstand enn all den gytande og ugytte fisken som vart tatt på ulike felt seinare. Gjennomsnittslengda på fisken i år var 30,1 cm, samanlikna med 29,2 cm i 1976. Gjennomsnittvekta av gytande og utgytt fisk var 135 gram, 5 gram meir enn i 1976.

#### Ugytt fisk best til filetering

Det synte seg at den ugytte fisken i gjennomsnitt vog meir enn ein og ein halv gong så mykje som utgytt fisk av same lengde. Store delar av denne vektauken var fiskekjøtt som igjen ville gje auke i filetvekta. Den ugytte fisken var også langt fastare i kjøttet, og hadde mindre innhald av vatn enn utgytt og gytande fisk. Sameleis heldt den seg betre i fleire dagar på is.

#### Kjøling er svært viktig

Dei prøvene som White Fish Authority og Torry Research Station har gjort viser heilt klart at kolmula bør skikkeleg nedkjølast før den blir produsert, og at den held seg betre i avkjøla sjøvatn enn i bingar. Kolmule som vart halden i isa sjøvatn omkring 0 grader, var langt fastare og i betre stand enn fisk som vart oppbevart i bingar. Ein reknar også med at slik avkjøling vil gjere det lettare å produsera optina fisk.

#### Lovande forbrukar-testar

Marknads-avdelinga i WFA har gjort fleire forbrukar-testar med produkt av kolmule. Ein serie på ni forbrukar-testar som omfatta 2 000 husmødre (!) er gjennomført. Resultatet viser at det ikkje er noko problem å få forbrukarane til å godta ulike aktuelle kolmule-produkt.

Alt i alt ser det ut til at britane, i godt selskap med tyskarane, ligg langt framme i løypa med omsyn til utnytting av kolmule til konsum.



## HULL

British Fishing Federation:

# 50 mils sone: NÅ ELLER ALDRI

Tittelen ovenfor er hentet fra avisa «Trawling Times», utgitt av British Fishing Federation, en organisasjon som hovedsaklig har sine medlemmer blant Englands store havgående flåte. Talerøret til denne organisasjonen, «Trawling Times» kommer ut i Hull, og redaktør John Davis er ikke redd for å si hva han og så godt som alle fiskere i England og Skottland for øvrig mener: Storbritannia må innføre 50 mils sone på egen hånd. Nå eller aldri.

«Fiskets Gang» har spurt redaktør Davis om dette er et optimistisk krav.

— Nei, det er det slett ikke. Motvillig har vi måttet gå fra kravet om en eksklusiv 200 mils sone, deretter en 100 mils sone, og nå har vi altså endt på et beskjedent krav om retten til å kontrollere en egen 50 mils sone. Dette er vår siste skanse, og

det kommer ikke på tale å gå til ytterligere innrømmelser fra vår side.

— Hvorfor står dere så steilt på dette kravet?

— Av to viktige grunner. Den ene er hensynet til bevaring av ressursene, den andre er vår soleklare rett til selv å ta en større del av ressursene i våre egne farvatn.

— At dere får kontrollere området innenfor 50 mil er vel ingen garanti for at ressursene blir sikret?

— Jo, til en viss grad. Enkelte land har skilt seg ut som totalt uansvarlige med hensyn til ressursbevaring. Danmark skiller seg spesielt ut i så måte. På den andre siden har vi Storbritannia og Norge som jeg vil kalle de mest ansvarlige på dette feltet. Britisk kontroll innenfor 50 mil vil derfor være av vesentlig betydning for å bevare ressursene. Jeg vil gå så langt som å si at Norge og Storbritannia i stor grad kunne ha dominert og ført kontroll med fisket i det vestlige Atlanterhavet dersom ikke Storbritannia hadde blitt med i EF.

— Vil britiske fiskere se med blide øyne på norsk ønske om fortsatt fiske på sine tradisjonelle felter innenfor 50 mil?

— Ja, Norge ville ligge godt an fordi dere har tradisjoner her og dere har noe å tilby oss i bytte. Vi kan heller ikke godt kaste ut nordmennene i en håndvending, vi aksepterer at flåten eventuelt må få tid på seg til å bli omorganisert



Hull har kanskje Englands mest moderne fiskemarked, men opplever nå en katastrofal svikt i råstoff-tilførselene. Dette har sammenheng med Hulls avhengighet av trålerne. Bak tråleren «Crisilla» ligger fiskemarkedet, og det er Stuart Russell i «Trawling Times» som peker utover havna der det ligger trålere i opplag på rekke og rad.



«Fransk grådighet fører til ny torskakrise» heter det i toppoppslaget i siste nr. av «Trawling Times». Det er franskmennenes overfiske i norsk sone det siktes til. Redaktør John Davis trodde at nordmennene kanskje ville se i nåde til britene, og gi dem en liten ekstrakvote på slutten av året.

med tanke på annet fiske. Dette synes vi burde være en generell regel.

#### Ønsker direkte forhandlinger

— Skulle dere ønske at Storbritannia kunne ta opp direkte forhandlinger med andre land, f.eks. Norge?

— Absolutt. Det ville være en stor fordel, men jeg tviler på om det er politisk mulig i dag.

— I Barentshavet ble dere lurt opp i stry av franskmenn og tyskere i høst. På grunn av overfiske av de to EF-naboene fikk dere fisket langt mindre enn den kvoten EF var blitt enig om internt. Kommentar til dette?

— Det som skjedde var særdeles uheldig for oss. På grunn av at vi var uskyldige i det hele, håpet vi i det lengste på at Norge ville gi oss anledning til å fiske opp kvoten vår. Det er beklagelig, men forståelig, at dette ønsket ikke vant gehør hos norske myndigheter.

#### Individuelle EF-kvoter

— Dere mener at Norge burde tildele EF-landene individuelle kvoter?

— Ja. Jeg kan ikke forstå annet enn at Norge må være frustrert

over forholdet til EF. Om det ikke snarest blir en ordning, tror jeg Norge kan bli tvunget til å fordele kvoter til hvert enkelt land. Sett fra Norge måtte det være en fordel å få land som Vest-Tyskland og Frankrike ut av sonen. De snyter på kvotene og har mindre tradisjoner å bygge på. Til gjengjeld kunne det gis større kvoter til land som en kunne få noe igjen fra.

#### Omorganisering — økte fangster

Redaktør John Davis innrømmer at britene nok må basere seg på å omorganisere flåten sin med vekt på økt fiske i egen 50 miles sone. I teorien kan britene ta 2,5 mill. tonn innenfor 200 mil av Storbritannia, spesielt er det muligheter for økte fangster av pelagisk fisk. Men forutsetningen er en drastisk reduksjon av andre lands fiske i britisk 50 miles sone.

En kraftig økning av fangstene i egen sone kunne gjøre britene enda mer selvforsynt med fisk, og eksporten av fiskeprodukter kunne utvikles betydelig.

#### Ønsker ikke statsinnblanding

Omorganiseringen av flåten og industrien på land tror redaktør Davis kan ordnes ved egen hjelp og uten større innblanding av statsmidler, f.eks. gjennom subsidier.

Derimot vil det være rimelig med økonomisk støtte gjennom EF.

— I Storbritannia har fiskerier næringen langt mindre støtte fra Staten enn i mange andre land. Med unntak fra Skottland har vi heller ikke de samme distriktpolitiske argumentene for statsstøtte som f.eks. Norge. På de ferdige produktene blir det overhodet ikke gitt støtte. Til ombygging og nybygging av fartøy blir det derimot gitt direkte bevilgninger og lån på spesielt rimelige vilkår.

— Er det ønskelig med større statsstøtte?

— Jeg tror de fleste i næringen tross alt er innstilt på å greie seg selv, og ønsker ikke at Staten skal blande seg for mye inn.

#### Fiskefartøy i oljebransjen

Oljeindustrien har hatt sin påvirkning også på britisk fiskeindustri. Fiskerne er der som her bekymret for tap av fiskefelt og for ødelagt redskap på grunn av skrap på bunnen. Det er opprettet en komite bestående av representanter både fra olje- og fiskeindustri. Men, sier redaktør Davis, jeg tror begge parter har undervurdert farene som ligger i fisket som foregår rundt og over rørledningene.

#### Lowestoft-flåten i olje

Mange fiskefartøy har gått over til oljevirkosomheten, men de fleste har oppdrag som gjør at de fremdeles er fullt brukbare som fiskebåter, og kan lett trekkes tilbake i aktivt fiske dersom forholdene bedrer seg. I Lowestoft, en fiskeby på nordvestkysten, var hele 60 prosent av flåten engasjert i oljevirkosomhet for to år siden. Årsaken til dette var at Lowestoft-flåten, som var spesialist på fisket etter rødspette, kom i meget store vansker etter at hollenderne, i følge Davis, nærmest hadde fisket opp hele bestanden. Samtidig brøt Italia-markedet for rødspette sammen. Dermed måtte Lowestoft-flåten finne andre gjøremål, og i en periode har flertallet av fiskefartøyene holdt seg flytende på oppdrag for oljeindustrien.

#### Nye produkter av uvant fisk

Britiske fiske-spisere er omtrent like konservative i fiskevalg som oss nordmenn. De ser svært nye

på utseendet av fisken, og liker de ikke utseendet, har produktet få sjanser. Sei og rødfisk er for eksempel lite brukt, forteller redaktør Davis. Derimot har britene vist interesse for makrellen. Selv uten bevisst satsing på å markedsføre makrell, har forbruket økt av seg selv.

— Har dere stor tro på kolmule som nytt konsumprodukt?

— Kolmule-prosjektene som er i gang er lovende, men heller ikke mer. Foreløpig har ikke innsatsen på foredlings-siden vært stor nok. Ellers synes jeg at vi snakker vel mye om å utnytte uvante fiskeslag, vi skulle heller tenke på å utnytte bedre den fisken vi allerede har. Råmaterialet og biproduktene kan utvilsomt utnyttes bedre også i Storbritannia. Matvaremangelen og «proteinkrisen» i verden kan gjøre sitt til at produkter vi i dag ikke regner som fullverdig mat, kan bli akseptert i løpet av få år.

## Torry Research Station

**Torry Research Station i Aberdeen er senteret for britisk forskning på fisk som mat. Forsknings-stasjonen er nær 50 år gammel. I 1952 ble en ny stasjon, Humber Laboratory, åpnet i Hull, og er en del av Torry Research Station.**

Arbeidsoppgavene er mange, men konsentrerer seg i hovedsak om behandling, foredling, konservering, transport og distribusjon av fisk og fiskeprodukter. Dette innebærer også sterk vekt på arbeidet med å forbedre kvaliteten på produktene i alle ledd. De siste årene er forskning omkring oljeforurensing også blitt tatt opp. De to stasjonene har til sammen om lag 200 ansatte, halvparten av dette er vitenskapelig personell.

Torry Research Station i Aberdeen arbeider i stor grad på pro-

sjektbasis. Oppdragsgivere er for det meste private industribedrifter. Men stasjonen tar også egne initiativ. Ordningen med prosjektarbeid for private bedrifter betyr imidlertid at forskningsresultatene på forhånd er kjøpt av oppdragsgiverne, og er ikke tilgjengelig for andre før resultatene er gjort kjent for oppdragsgiveren.

Torry Research er underlagt et eget departement for teknologi (Ministry of Technology). Stasjonen har eget forskningsskip, den ombygde tråleren «G. A. Reay».

I Aberdeen er det også et eget havforsknings-institutt, The Marine Laboratory. Denne institusjonen har tradisjonell havforskning som sin hovedoppgave, og er tilknyttet det skotske landbruks- og fiskeridepartement, DAFS.

## GRIMSBY

Frionor, England:

## Kvalitetsprodukter er vårt beste salgsargument



Frionor England klager ikke. Til h. direktør Stanley Gibbons som også er norsk konsul i Grimsby. Ved hans side, Stanley Craven, som overtar direktør-stillingen når Gibbons nå trekker seg tilbake ved årsskiftet. Craven kommer fra det kjente industrikonsernet Ross Group.

Frionor England som har kontor i Grimsby selger og markedsfører Frionor-produkter importert fra Norge. Og salget går godt — så godt at det ikke er spørsmål om å bli kvitt varene, men om å få store nok tilførsler fra Norge.

I Grimsby møtte «Fiskets Gang» Frionor-kontorets administrerende direktør Stanley Robert Gibbons samt hans etterfølger, Stanley Craven, som kommer fra industrikonsernet Ross Fish Ltd. Gibbons er for øvrig også norsk konsul i Grimsby. Begge to var meget optimistiske med tanke på Frionors virksomhet i Storbritannia. Kontoret er ikke stort, i dag har det 10 ansatte, men omsetningen ligger på rundt 3 000 tonn årlig. Dette er imidlertid ikke hele Frionor-omsetningen i Storbritannia, en del større leveringer går direkte gjennom hovedkontoret i Oslo.

«Fiskets Gang» spurte direktør Gibbons om årsakene til at Frionor kan konkurrere om markedet i Storbritannia.

— For det første markedsfører vi produkter som ligger meget høyt i kvalitet og for det andre har vi meget gode salgsfolk. Det er også et meget godt tillitsforhold mellom produsent, salgsfolk og forbrukere, noe som er av stor verdi for enhver importør.

— Hvor mye kunne dere øke salget dersom tilførselene var tilfredsstillende?

— Jeg tror faktisk vi kunne omsette rundt 10 000 tonn årlig, sier Gibbons og får støtte av sin etterfølger, Stanley Craven.

Gibbons grunngir denne optimistiske påstanden med at britene selv ikke tar store nok fangster til å forsyne hjemmemarkedet, strenge fangstrestriksjoner er en av årsa-

kene til dette. Videre tror Gibbons at valutaforholdene i tiden framover vil gjøre Frionorproduktene konkurransedyktige, og sist, men ikke minst, vil Frionor kunne erobre en større del av markedet på grunn av god kvalitet.

Frionors omsetning i Storbritannia består både av ferdige produkter og råstoff som blir videre bearbeidd. Det skulle være særlig gode muligheter for å øke om-

setningen av ubearbeidde produkter. De ferdige produktene er det langt vanskeligere å selge. Gibbons legger ikke skjul på at det var en ulempe for Frionor England at Norge ikke ble med i EF. I dag blir produktene relativt dyrere på grunn av pålagte toll-avgifter, sier direktør Gibbons til «Fiskets Gang».

## Stemning og miljø på fiskemarknaden, men ikkje slik som det eingong var

**Stemninga på ein engelsk eller skotsk fiskemarknad må opplevast, den er ikkje så lett å skildre i ord og bilde. Men skal ein ha med seg det viktigaste må ein vere morgonfugl. I England startar auksjonane jamt over klokka 5 om morgonen. Dei som ikkje maktar å vere så tidleg på beina kan ta turen til Aberdeen der dei startar i 7-tida.**

